

9.10. møte i
Sameiet

Knut G Johannessen
Lonsvegen 9
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune
Rådhuset Knarvik
5914 ISDALSTØ

SØKNAD OM PLASSERING AV GLASS/METALL – CONTAINER.

Det har i det siste kome fram ønskje frå fleire sameigarar i sameiget LANGHEIANE om at det blir lagt rette for ei lokalt organisert ordning når det gjeld kjeldesortering av glass og metall i vårt område. Dette gjeld i første rekke eldre personar som av ulike grunner ikkje sjølve køyrer bil. Slik ordninga fungerer i dag må difor slikt avfall bærast til containarane i Knarvik senter eller ved Rema 1000 i Knarvik.

NGIR har forklart at dei til no ikkje har prioritert å setja opp slike tunge metallcontainerar utan at det også er lagt til rette for at store spesialbiler kan henta avfallet og køyra det bort. Plassering av ein slik containar bør òg vera slik at flest mogeleg kan gjera seg nytte av han. Eg har likevel forstått det slik at det kan vera av interesse for NGIR å prøva ut ei ordning med plassering av slike containarar lokalt der folk bur.

Underteikna har, sidan Sameiget LANGHEIANE vart stifta i 2014, vore ansvarleg for våre interne rutiner i samband med leveranse av bosset frå heile sameiget LANGHEIANE (44 hushaldningar).

Til no har dette omfatta:

- Kjeldesortering.
- Orden
- Reinhald av containarar
- Samarbeid med NGIR og med mannskapa på bilane.

Til no har våre interne rutinar fungert i samsvar med vår målsetning. Saman med ein representant for styret i sameiget vårt, har eg vore på synfaring i nærområdet og har funne ei plassering som, slik vi ser det, stettar dei krava som NGIR har sett.

Ein ferdig asfaltert plass på ca 3m x 4m i tilknytning til det asfalterte fortauet på venstre side av vegen frå Lonsvegen i retning Knarvik Barnehage. Plassen er ein del av gnr. 188 , bnr 762. Eg har fått veta at det er Lindås Kommune som eig det aktuelle området.


Vegen på staden er så brei at det ikkje skal by på vesentlege vanskar å koma til med stor bil for å henta avfallet.

Framlegget er drøfta med interimsstyret for Sameiget LONSHAUGEN, interimsstyret i Sameiget Knazen og med representant for styret for VestBo sitt Borettslaget i Lonsvegen utan at det kom fram merknader.

Framlegg til vedtak:

1. På vegne av fleire inviterer eg Lindås kommune til å medvirke til at NGIR kan setja opp og drifta ein avfallscontainer for metall og glas på det utvida fortausområdet (gnr. 188, bnr 762.)
2. Sekundert ber eg Lindås Kommune om medverknad til at NGIR i ein prøveperiode på inntil 4 år får løyve til å hausta erfaringar med lokalt plasserte containerar for glas/metall.

Knarvik 27.09.17.


Knut G Johannessen
Sakshandsamar, Boss.

Vedlagt :

Kartutsnitt av det aktuelle området

Kopi:

Interimsstyret for sameiet LONSHAUGEN v/ **Gunnar Hausberg**

Interimsstyret for sameiget KNAZEN v/ **Roar Tofting**

Styret i Borettslaget etablert av VestBo v/ **Karen Haugland**

